

Deponeringsavtale
mellom
Boliden Odda
(eigar)
og
Senter for Industriarkiv ved Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum
(SINDARK)



Avtalen gjeld mottak, deponering, registrering og sikring av:

1. Arkivmateriale 1924-ca 1966. Ordna arkiv, ca 40 hyllemeter (hm).
2. Arkivmateriale ca 1966 – 2000, vel 200 hm dokumentarkiv.
3. Nedpakking og frakt kostast av Boliden (nedbering, frakt i lukka bil). Både Boliden- og SINDARK-personale deltek.
4. SINDARK oppbevarar materialet i avlåst, klima-, brann- og innbrottsikkert arkivmagasin. Materialet vert forsikra gjennom SINDARK si ordinære forsikringsordning. Serskilt verdiforsikring er eigars ansvar.
5. Deponeringsavtalen kan seiast opp av begge partar med 1 års varsel.
6. Deponeringstida varar til 2044. 6 månader før utløpstida skal SINDARK varsle eigar. Avtalen kan då reforhandlast eller seiast opp.
7. For deponeringa betalar Boliden ein årleg sum av kr 150,- ekskl. mva pr hyllemeter i magasin. Summen vert fakturert årleg. Annakvart år vert hylleleiga regulert med 80% av endring i konsumprisindeksen for perioden frå Statistisk sentralbyrå.
8. SINDARK ordnar og registrerar arkivet i det nasjonale arkivsystemet ASTA, og gjer det tilgjengeleg for søk i Arkivportalen. <http://www.arkivportalen.no> . Registrering vert gjort etter norsk arkivfagleg standard og inneber mellom anna klausulering av enkelte delar av materialet, til dømes personopplysingar. SINDARK lagar arkivkatalog for heile arkivet når arbeidet er ferdig.
9. SINDARK har ansvar for rekvisisjonar, vedlikehald, og digitalisering av delar av arkivet.
10. SINDARK kan ikkje nytta materialet kommersielt, men kan nytta digitalisert materiale på internett, ev andre utstillingar etter avtale med Boliden.
11. Det er eit mål for SINDARK at arkivet skal vera tilgjengeleg for bruk av forskarar og andre interesserte. Desse kan få arbeidsplass for avgrensa tid i SINDARK.
12. Originalt arkivmateriale vert i utgangspunktet ikkje lånt ut frå SINDARK, i staden nyttar ein digitale kopiar. Eigar kan likevel henta ut materiale på eige ansvar.
13. Avtalen gjeld når begge partar har signert.

Odda den 29/6-18

Boliden Odda

Tyssedal den 3.7.2018

SINDARK

Denne avtalen er i 2 eksemplar, ein til kvar av partane.

Etiske regler nedsett av The International Council of Museums (ICOM) er retningsgjevande for NVIM sitt arbeid.